

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	18.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	14/1260	14/9612

Plansak 12602012000100 Olsvollstranda næringsområde - områdeplan - godkjenning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for Olsvollstranda vert godkjent med planskildring, plankart og føresegner slik dei ligg føre. Planskildring er datert 25.04.2014, plankart og føresegner er datert 09.09.2014.

Grunngjeving av vedtaket er at reguleringsplanen er i tråd med kommuneplan for Radøy.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk godkjente i møte 3. september 2014 reguleringsplan for Olsvollstranda på vilkår om at nokre ting vart retta og endra i plandokument. Endringane er etter innspel som kom i løpet av perioden med høyring og offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan i perioden 30.06.2014 til 16.08.2014.

Vurdering

Rådmannen har gått igjennom plandokument og dei endringane som vart vedteke i hovudutval for plan, landbruk og teknisk er fulgt opp og endra. Planskildringa er ikkje endra, men plankart og føresegner er oppdaterte i tråd med vedtaket.

Konklusjon

Framlegg til reguleringsplan for Olsvollstranda er nå i tråd med overordna plan for området og dei vedtak som er gjort og vilkår som er satt til plandokument. Slik rådmannen vurderer saka kan

kommunestyret godkjenne reguleringsplanen og innstiller difor til vedtak om det.

Kommunestyret i Radøy - 035/2014

KS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland sa seg ugild i handsaminga av denne saka, fordi han er ein av grunneigarane i reguleringsplanområdet. Vidar Grindheim (A) ba kommunestyret vurdera om han er ugild i saka, ettersom han er involvert som representant for ein tomteeigar i området. Kommunestyret erklærte Grindheim habil.

Varaordførar Ann Christin Hoen tok over som møteleiar, og orienterte om reguleringsplanen. Rådmannen peika på at den gamle reguleringsplanen for Olsvollstranda var frå 1973, og hadde behov for revisjon. I den nye planen er det gjort ei betydeleg utviding av planområdet. Det er regulert totalt ca 185 mål til næring i reguleringsplanen, av dette er 85 mål alt seld. Det ligg altså ca 100 mål igjen til næringsutvikling.

Men rådmannen gjorde det samtidig klart at den nye reguleringsplanen ikkje i denne omgang medfører at Radøy kommune får meir næringsareal tilgjengeleg. Eigarstrukturen er kompleks, og kommunalt eigd område kommunalt eigd areal er begrensa. Nytt areal i reguleringsplanen er fordelt på flere private eigarar, og nye område er fragmentert og fordelt nord og sør i området.

Rådmannen peika på at ei utvikling av området vil vera kostnadskrevande, mellom anna på grunn av utfordrande terreng, mykje vegareal, og strenge rekkjefølgekrav. Kostnadane med infrastruktur skal fordelast på nye næringsstomter. Rådmannen meiner kommunen bør utgreia nye næringsareal.

Rådmannen svara på ei rekkje spørsmål og kommentarar frå politikarane. Fleire representantar gav uttrykk for stor uro over at kostnaden med infrastruktur kan gjera det urealistisk å få utbygt næringsområdet.

Vigdis Villanger (Sp) sette fram tilleggsframlegg i tre punkt:

1. Rådmannen utarbeider innan 31.12.14 plan for VA og massedeponi i reguleringsområdet.
2. Rådmannen utarbeider plan for korleis ny avkøyrsløse skal finansierast og kven som skal ha ansvaret for vegane i området.
3. Planområdet vert omdøypd til Radøy næringspark og vert skilta som dette.

Villanger trekte seinare punkt to i tilleggsframlegget.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

Tilleggsframlegget frå Vigdis Villanger (Sp) - punkt 1, fekk 11 røyster og fall.

Tilleggsframlegg punkt 2 fekk 11 røyster og fall.

KS - vedtak:

Reguleringsplan for Olsvollstranda vert godkjent med planskildring, plankart og føresegner slik dei ligg føre. Planskildring er datert 25.04.2014, plankart og føresegner er datert 09.09.2014.

Grunngjeving av vedtaket er at reguleringsplanen er i tråd med kommuneplan for Radøy.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Vedlegg:

Plansak 12602012000100 Olsvollstranda næringsområde - områdeplan - godkjenning

planskildring Olsvollstranda 25.4.2014

føresegner Olsvollstranda_sep 2014

12036_plankart_09.09.2014_08-Plankart